

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.01.2019

Vår ref.: 201842130-2

Arkiv: 317

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Randi Holme

22959518/rho@nve.no

Offentleg ettersyn av overordna detaljplan for miljø og landskap for ombygging av damanlegg – Eringsdalen, Langedalen og Norddalen - Høyanger kraftanlegg – Høyanger og Balestrand kommunar

Statkraft Energi AS har søkt NVE om godkjenning av overordna detaljplan for miljø og landskap for ombygging av damanlegg i Eringsdalen, Langedalen og Norddalen ved Høyanger kraftanlegg i Høyanger og Balestrand kommunar. Planen viser dei ulike anleggsområda og kva permanente og midlertidige inngrep prosjektet vil medføre. Det er også gjort greie for avbøtande natur- og landskapsmessige tiltak som skal utførast. Framdriftsplan for arbeida ligg ved som eige dokument i detaljplanen.

NVE legg planen ut til offentlig ettersyn fordi

- det skal nyttast areal utover det som er vurdert i handsaminga av konsesjonen
- tiltaket gjeld eit eldre vassdragsanlegg som skal byggjast om eller utvidast

NVE er tilsynsmyndigheit for vasskraftanlegg og skal i samsvar med vilkår i konsesjon gitt til Høyanger kraftanlegg datert 20. mai 1988 godkjenne detaljplan for miljø og landskap før arbeida kan ta til. NVE vil vidare føre tilsyn med at utbygginga skjer i samhøve med godkjent detaljplan.

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgivinga er i medhald av forskrift om byggesak § 4.3 unnateke byggesakhandsaming etter plan- og bygningslova (pbl). Detaljplanen for miljø og landskap må vere avklart i høve til kommuneplanen sin arealdel eller eventuelle gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på Miljøverndepartementet sin kommentar til pbl § 19.2 som konkluderer med at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova.

Vi ber Høyanger og Balestrand kommunar om å legge to eksemplar av detaljplanen for miljø og landskap ut til offentlig ettersyn i rådhuset i Høyanger og Balestrand. Om naudsynt kan det eine eksemplaret lånast ut for kortare tid (2-3 dagar), medan eitt eksemplar til ei kvar tid må vere tilgjengeleg på utleggingsstaden. NVE vil og legge ut planen på våre heimesider: <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/>

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

